



Arkivnr: 2016/9267-5

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2019
Fylkestinget		01.10.2019

Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2019

Samandrag

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar. Denne saka gjeld regulering etter tariffoppgjeret i 2019.

Økonomi: Ubetydeleg verknad. Det er lagt til grunn i budsjettet at godtgjersla til folkevalde skal følge lønsutviklinga i kommunesektoren.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ikkje aktuelt

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 3,2 % pr. 1. mai 2019 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv (fylkesvaraordføraren si godtgjersle) vert fastsett til kr 966 880.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 3,2 %.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.09.2019

Etter reglementet skal godtgjersla til dei folkevalde regulerast i samsvar med tariffjusteringar.

I følge KS er årslønsveksten for kommunesektoren frå 2018 til 2019 rekna til 3,2 %.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å auke godtgjerslesatsane til folkevalde med 3,2 % frå 1. mai 2019. Utrekningsgrunnlaget vert auka frå kr 936 900 til kr 966 880. Det er fylkesvaraordføraren si godtgjersle som vert nytta som grunnlag for utrekningane.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med same prosentsatsen. Satsen for møtegodtgjersle vert fastsett til kr 846.

Fylkestinget vedtok i desember 2013 at fylkesordføraren si godtgjersle skal regulerast i samsvar med stortingsrepresentantane si årlege lønsregulering.